

# Eksamen

20.11.2020

RLV2003 Etablering og drift

**Programområde: Reiseliv**

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.</p> <p>Bruk av pc/datamaskin er ein føresetnad, inkludert bruk av tekstbehandlingsprogram som t.d. Word.</p>
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I denne oppgåva vert det lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• I kva grad du har nådd måla i læreplanen.</li><li>• At du kan knytte saman teori og praksis.</li><li>• At svara dine er grunngitt fagleg.</li></ul> <p>Spesielt for denne oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Du skal kunne forklara den strukturelle oppbygginga av reiselivsnæringa i Noreg.</li><li>• Du skal kunne vurdere konkurransefortrinn i norsk reiseliv.</li><li>• Du skal kunne forklara og vurdere nasjonale og internasjonale trendar i reiselivet.</li><li>• Du skal kunne gjere greie for og vurdere moglegheiter norsk reiseliv har for å utvikla berekraftige reiselivsprodukt.</li></ul>

## **Noreg som reisemål.**

Noreg vert marknadsført som eit reisemål for turistar med interesse for vakker og rein natur kombinert med lokal kultur og levemåte. Det er ei nasjonal oppgåve å fanga merksemda til internasjonale turistar. Både myndigheiter og private, nasjonalt og lokalt, må bidra.

Innovasjon Norge, som er representerte i alle fylke i Noreg, og i meir enn tretti land, profilerer Noreg som reisemål. Ved å auka kjennskapen til, og kunnskapen om Noreg, ønskjer ein å oppnå at utanlandske turistar får eit positivt inntrykk og vel Noreg som reisemål.

## **Oppgåve 1**

Gjer greie for den strukturelle oppbygginga av reiselivsnæringa i Noreg.

## **Oppgåve 2**

For dei som marknadsfører Noreg som reisemål er det viktig å følgje med på endringar i samfunnet. Trendar kjem og går, og dersom vi utviklar reiselivsprodukt som var populære i går, så vil vi ikkje klare å selje dette inn i marknaden i dag. Vurder konkurransefortrinn i norsk reiseliv i eit internasjonalt perspektiv der du vektlegg nasjonale og internasjonale trendar. Ved behov, ta eigne føresetnader og grunngje desse.

## **Oppgåve 3**

Vurder føresetnadene norsk reiseliv har for å utvikla berekraftige reiselivsprodukt. Som ein del av vurderinga di skal du foreslå nokre konkrete tiltak.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	<p>Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.</p> <p>Det forutsettes bruk av pc/datamaskin, inkludert bruk av tekstbehandlingsprogram som f.eks. Word.</p>
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I denne oppgava blir det lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• I hvilken grad du har nådd målene med læreplanen.</li><li>• At du kan knytte sammen teori og praksis.</li><li>• At svarene dine har en faglig begrunnelse.</li></ul> <p>Spesielt for denne oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Du skal kunne forklare den strukturelle oppbyggingen av reiselivsnæringen i Norge.</li><li>• Du skal kunne vurdere konkurransefortrinn i norsk reiseliv.</li><li>• Du skal kunne forklare og vurdere nasjonale og internasjonale trender i reiselivet.</li><li>• Du skal kunne gjøre rede for og vurdere muligheter norsk reiseliv har for å utvikle bærekraftige reiselivsprodukt.</li></ul>

## **Norge som reisemål.**

Norge markedsføres som et reisemål for turister med interesser for vakker og ren natur i kombinasjon med lokal kultur og levemåte. Det er en nasjonal oppgave å fange oppmerksomheten til internasjonale turister. Både myndigheter og private, nasjonalt og lokalt, må bidra.

Innovasjon Norge, som er representert i alle norske fylker og i over tretti land, profilerer Norge som reisemål. Ved å øke kjennskapen til og kunnskapen om Norge, ønsker man å oppnå at utenlandske turister får et positivt inntrykk og velger Norge som reisemål.

## **Oppgave 1**

Gjør rede for den strukturelle oppbyggingen av reiselivsnæringen i Norge.

## **Oppgave 2**

For de som markedsfører Norge som reisemål er det viktig å følge med på endringer i samfunnet. Trender kommer og går, og dersom vi utvikler reiselivsprodukt som var populære i går, så vil vi ikke klare å selge dette inn i markedet i dag.

Vurder konkurransefortrinn i norsk reiseliv i et internasjonalt perspektiv der du vektlegger nasjonale og internasjonale trender. Ved behov, ta egne forutsetninger og begrunn disse.

## **Oppgave 3**

Vurder forutsetningene norsk reiseliv har for å utvikle bærekraftige reiselivsprodukt. Som en del av din vurdering skal du foreslå noen konkrete tiltak.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)